

## Referat frå konstituerande styremøte i Utdanningsforbundet Øygarden 27.03.25

Til stade: Lokallagsleiar — Jane Føllesdal, nestleiar — Cathrine Olsen,  
styremedlemmar — Even M.Mulelid, Hege Beate Haatuft Hagen , Franziska Grütte,  
Gro Lisbeth Magnussen, leiarmedlemsrepresentant — Nina Zandstra, kasserar og  
HTV — Vibecke Hodnekvam.

pensjonistmedlemsrepresentant m/møte-, uttale- og fremleggsrett — Bjørn K. Lie,  
vara-HTV m/ møte-, uttale- og fremleggsrett Siv Nancy Fjæreide.

Fråfall: Anne Mette Dreyer

### Saker

#### Sak 01/25 Konstituering

##### Val av kasserar

- Forslag på Vibecke Hodnekvam
  - o Vedtatt

##### Val av skrivar

- Forslag på Nina Zandstra
  - o Vedtatt

#### Sak 02/25

##### Opprykk av vara HTV 1 til HTV

- Jane Føllesdal er lokallagsleiar frå 01.08.25. Ho har eit år att i HTV periode.  
Forslag om at Jane trekk seg frå 01.08.25. Cathrine Olsen går inn til HTV 2.  
Siw Nancy Fjæreide vert HTV3.

- Vedtatt

### Sak 03/25 Møteplan

Forslag til møteplan.

Endeleg møteplan vert lagt fram på det første ordinære styremøte til hausten.

Forslag til dato er onsdag 20. august.

- Første møte vert 19.08.25. Møteplan vert lagt frem som sak til det møte.

### Sak 04/25 Ulike godtgjersler

#### Møtegodtgjersle

Styremedlemmar: 500 kr per møte.

- Vedtatt

Skrivar: 750 kr pr. Møte.

- Vedtatt med grunngjeving i at dette er eit meirarbeid for den i styret som har dette ansvaret.

Møtande HTV og pensjonistrepresentant har, i tillegg til styret, rett på honorar.

Køyregodtgjersle er innfatta i møtegodtgjersla når dei møter på Straume.

Telefongodtgjersle: Leiar, nestleiar og hovudtillitsvalde får kr 500 pr månad.

- Vedtatt

Godtgjersle for leiar i lokallag med over 1000 medlem: Sjå eige saksutgreiing,

vedlegg 1:

Prinsipp og rammer for løns- og kompensasjonsordningar for organisasjonstillitsvalde

I høve prinsipp og rammer for løns- og kompensasjonsordningar for organisasjonstillitsvalde i Utdanningsforbundet kan lokallag med over 1000 medlemmer gje godtgjersle til leiar på inntil 0,75 G. Godtgjersla regulerast pr. 1.7 kvart år tilsvarande reguleringa av G same år. Les heile dokumentet [her](#).

Godtgjeringa vert dekkja av det leddet det gjeld, i dette tilfellet er det driftsbudsjettet til Utdanningsforbundet Øygarden. Det er tenkt frå fordelingsnøkkelen sentralt at midlane som vert gjeve til så store lokallag har romslegheit til å kunne dekkja slik godtgjersle. Det er styret som avgjer godtgjersla.

Utdanningsforbundet Øygarden er det nest største lokallaget i Vestland. Godtgjersleordninga skal kompensera for særleg ansvar og tidsbruk, som følgje av utøvinga av vervet. Til dømes ekstra arbeidsbelastning grunna mange ettermiddags/kveldsmøte og politiske møte. Leiar har store delar av arbeidstida si lagt til ettermiddag/kveld utan at det vert kompensert på anna vis. Lokallagsleiar har i tillegg ansvar for medlemmar i private barnehagar, private skular, for medlemmane i vidaregåande skule og for pensjonistane. Godtgjersle til lokallagsleiar er gitt sidan lokallaget vart slått saman, og er i inneverande årsmøteperiode på 0,5 G.

- Saksgjennomgang v/nestleiar Cathrine Olsen. Jane Føllesdal deltek ikkje som møtedeltakar i saka.
  - o 0,5 g vedtatt

## Sak 05/25 Gåvereglement

- Forslag i sak:

Vedlegg 2:

### Retningslinjer for gåver

40 år: Ryggsekk

50 år: Gåvekort på 400 kr eller blome

60 år: Gåvekort på 400 kr eller blome

Pensjonistar: Ryggsekk

### Utvida gåve og effektreglement

- ✓ Effektar til klubbane skal gjevast om hausten saman med brosjyrar. Dei hovudtillitsvalde og lokallagsleiar ansvar for dette.
  - ✓ Kasserar bestiller effektar.
  - ✓ På årsmøtet og medlemsmøte delast det ut effektar til dei som møter.
  - ✓ Til jul vert det delt ut julesnop til klubbane saman med julebrev.
  - ✓ Avtroppande hovudtillitsvalde, leiar, nestleiar og styremedlem får ei merksemd.
- 
- Endringsforslag til gåvekort til medlemmar ved 40 års markering i staden for ryggsekk
    - Falt
  - Endringsforslag til ryggsekk til medlemmar ved 30 års markering i tillegg til opprinneleg forslag
    - Falt
  - Vedlegg 2, gåvereglement 2025-2026
    - Vedtatt

### **Sak 06/25 Organisasjonsfrikjøp**

- Framlegg i sak:

Organisasjonsressursen er på **130%** fram til 31.07.2026

**Leiarressurs:** Forslag 100%

**Nestleiar:** Forslag 20%

**Organisasjonsfrikjøp/kasserar:** Forslag 10%

- Ingen stemmer - falt
- Endringsframlegg til at det blir ei deling av ressursen:  
kasserer 5% og auke til nestleiar med 5%
  - Tre stemmer - falt

- Endringsframlegg til deling organisasjonsfrikjøp 5% og kasserer 5%
  - o Fem stemmer- vedtatt
- Endringsframlegg til organisasjonsfrikjøp 10%
  - o Trukket

Grunna deling av organisasjonsfrikjøpet der 5% organisasjonsfrikjøp ligg utan tildelt til verv eller ansvarsområde blir det eige vedtak om dette:

Fremlegg: Organisasjonsfrikjøp 5% går til HTV1

- o Fem stemmer - vedtatt

Fremlegg: Organisasjonsfrikjøp 5% går til nestleiar

- o Tre stemmer - falt

#### **Sak 07/25 Arbeidsutval (AU)**

AU vert sett saman av leiar, nestleiar og dei hovudtillitsvalde.

- Vedtatt

#### **Sak 08/25 Pensjonistråd og pensjonistrepresentant i styret**

- Bjørn K. Lie har vore representant i førre periode. Representanten har rett til å møte, rett til framlegg og uttale.
- Bjørn K. Lie heldt fram neste periode, 01.08.25 — 31.07.26.

#### **Sak 09/25 Val av forhandlingsdelegasjon til lokale forhandlingar**

- Framlegg til at leiarrepresentantar i delegasjonen vert for ein leiarrepresentant frå skule og ein leiarrepresentant frå barnehage
  - o Vedtatt

- Framlegg til at leiarrepresentant skule vert Nina Zandstra
  - o Nina Zandstra har sagt ja til å stille
    - Vedtatt
- Framlegg til at leiarrepresentant barnehage vert Nina Turøy
  - o Nina Turøy er ikkje spurt
    - Vedtatt med forbehold om at ho ønskjer å stille.
    - AU får mynde til å finne anna representant om Nina Turøy ikkje ønskjer å sitte

#### Sak 10/25 Eventuelt

Godkjenning av innkalling og saksliste:

- Innkalling og saksliste vert godkjent.

Fråfall til møtet ved Anne Mette Dreyer kom same dag, 3 timar før innkaldt møtetidspunkt, og lokallagsleiar valde difor å ikkje kalle inn vara på kort varsel.

Skrivar: Nina Zandstra